

Børge Rune Rosslund
Rosslund 30
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5809 - 21/64080

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
27.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 347/93 Rosslund

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 347/93
Tiltakshavar: Børge Rune Rosslund
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Informasjon (planteikning) som viser arealdisponering/ BRA, og utnyttingsgrad BYA på eigendommen.
2. Situasjonsskart som viser eigedom med tilhøyrande nabogrenser, og avstand til desse.
3. Teikning med høgd på tiltak.
4. Det er og ynskjeleg om søkjar kan supplere søknad med ei skildring av tiltak, og beskrive med eigne ord kva ein skal gjere. Eventuelt sette skildring på teikning, slik at det tydeleg syner kva tiltaket på teikninga gjeld.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **08.11.2021**.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Kommunen ber om orsaking for lang handsaming grunna stor arbeidsmengd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Børge Rune Rosslund

Rosslund 30

5917 ROSSLAND